

HANDLINGSPLAN 2018

Organisasjon og styring

Fullføre arbeidet med å bli sertifiserst til Kvalitetsklubb nivå 1. Det betyr at vi skal sende søknad om sertifisering innan 2018. Sportsplan og klubbhandbok skal tas i bruk så snart dei er klare og godkjent av klubben.

Sportsplanen skal vera styrande for aktiviteten i klubben. Alle i klubben skal kjenne til og bruke denne.

Sportsleg utval skal ha ei tydeleg rolle som sportsfaglig arena. Å følgje opp sportsplanen inn mot aktiviteten i klubben ligg innanfor sportsleg utval sitt mandat.

Alle aktive i fotballgruppa skal betale deltakaravgift og løyse medlemskap i IL Skarphedin.

Samarbeide med trenarstudiet/fagmiljøet på Høgskolen i Telemark i tråd med samarbeidsavtale.

Sportslege mål

Sikre kvalitet i treningsarbeidet i alle alderstrinn i klubben. Vi skal ha særleg fokus på barnefotballen.

Sende våre foreldretrenarar på trenarkurs slik at alle våre lag/treningsgrupper i barnefotballen har minimum ein trenar med minst delkurs I av NFF Grasrottrenaren.

Alle treningsgrupper/årskull i barnefotballen skal ha treningsutviklar som følger opp treningsarbeidet.

Vi skal ha fokus på treningskultur og spelarutvikling. I ungdomsfotballen skal vi ha spelarutviklar både for jenter og guttar.

Anlegg

Lag ein drifts- og vedlikehaldsplan for Telemarkshallen, med oppgaver og ansvar. Arbeidet med å skifte ut endestykket av utvendige dragarar skal gjennomførast i 2018 og 2019. Vi skal sette inn kjøkken i Telemarkshallen ila vinter 2018

Vi skal bytte ut kunstgrasdekket i Telemarkshallen i 2018.

Utvikle Sandvoll vidare. Få heile klubben til å ta i bruk og kjenne eigarskap til heile Sandvoll.

Få Bø kommune til å asfaltere P-plassen framfor innkjøringa til Sandvoll.

Arbeide for å betre trafikksikkerheten ved Sandvin/Sandvoll.

Økonomi

Støtte oppunder Sommarland Cup. Den er berebjelken i vår økonomi.

Skarphedin Telenor FFO skal gå i balanse ila 2018.

Få ut deltakaravgifta ila vårsesongen.

Vi skal ha god kostnadskontroll. Det skal ikkje settast i gang tiltak som ikkje har budsjettdekning.